

MANDAT

Underutval for akuttmedisinsk beredskap i Nordhordland

Føremål:

Fremja og styrkja samarbeidet mellom 1. og 2. linetenesta i lokalsjukehusområdet innan akuttmedisinsk beredskap. Styrka samarbeidet for utvikling av akuttmedisinske tenester slik at tilbodet samla sett blir tilgjengeleg og av god kvalitet.

Bakgrunn:

Tenesteavtale 11 og 12 mellom kommunen og spesialisthelsetenesta er formelt inngått, men mange av kommunane sine tiltak innan dette fagområdet er knytt til interkommunalt samarbeid. For å fremja og styrkja samarbeidet mellom kommunar og sjukehus er partane samde om å etablere Underutval for akuttmedisinsk beredskap (UFAB) i Nordhordland.

Arbeidsoppgåver:

Underutvalet er Samarbeidsutvalet i Nordhordland sitt fagutval innan akuttmedisinsk beredskap, og skal;

- vere eit fagleg og administrativt informasjons- og diskusjonsforum m.a. i høve til dimensjonering, planlegging, organisering og utvikling av nye tilbod og ved reduksjon/ending av tilbod innan dette området.
- vere eit høyringsorgan i saker som gjeld AMK, legevakt, ambulanseteneste og andre akuttfunksjonar.
- bidra til oppfølging av pkt 4 i Tenesteavtale 11 og 12. Oppgåvene er særleg retta mot;
 - o oppfølging av gjeldande lover, forskrifter og samarbeidsavtalar
 - o nasjonale og regionale satsingar innan prehospital akuttmedisin
 - o ansvars- og rollefordeling i akutte situasjonar
 - o risiko- og sårbarheitsanalyse for den akuttmedisinske beredskapen i Nordhordland
 - o sikre naudsynt kompetanse, opplærings- og kompetanseutviklingstiltak
 - o planlegging og gjennomføring av felles beredskapsøvingar
 - o samordning av planar og ressursar i høve til akutt-/ og katastrofemedisinsk beredskap
 - o informasjonsutveksling og kommunikasjon i akuttmedisinske situasjonar

Samansetting av utvalet:

- legevaktsjef NHLV
- 3 kommuneoverlegar, utpeika av Fagrådet for kommuneoverlegar
- 1 rådmann, utpeika av Rådmannsutvalet
- 1 brannsjef, utpeika av Rådmannsutvalet
- 1 sjukepleiar på legevaktsentralen, utpeika av legevaktsjef
- 1 repr. frå AMK, HUS
- 2 repr. frå Akuttmedisinsk seksjon
 - o Avdelingssjef (evt. avd.overlege)
 - o Seksjonsleiar
- 1 repr. frå beredskapsleiinga, HUS
- 1 lege frå akuttmottak, HDS

Organisering:

Utvalet konstituerer seg sjølv med leiar, nestleiar og sekretær. Utvalet bør ha 1 møte pr. kvartal og minimum 1 møte pr. halvår. Utvalet rapporterer til Samarbeidsutvalet i Nordhordland.